

Vedlegg 2. Normalpolitivedtekt med kommentarar (Nynorsk)

Innleiing	2
Kapittel 1. Allmenne føresegner.....	4
§ 1-1. Offentleg stad.....	4
§ 1-2. Ansvar og plikter for festar, brukar, leigar eller styrar av hus eller grunn	4
Kapittel 2. Orden på offentleg stad	4
§ 2-1. Ro og orden på offentleg stad	4
§ 2-2. Køyring, camping mv. i parkar, grøntareal, friområda o.l.....	5
§ 2-3. Song og musikk, reklame m.m.....	5
§ 2-4. Tigging	5
§ 2-5. Farleg eller skremmande verksemد	5
Kapittel 3. Sikring av ferdsla	6
§ 3-1. Hindringar.....	6
§ 3-2. Dyr	6
§ 3-3. Aktivitetar	6
§ 3-4. Ferdsel på islagt vatn eller sjø.....	7
§ 3-5. Sperring av offentleg stad	7
§ 3-6. Byggjeverksemد mv.....	7
§ 3-7. Sprengningsarbeid	7
§ 3-8. Vedlikehald av bygning mv.....	7
§ 3-9. Fare for ras frå tak	8
§ 3-10. Fjerning av sperrar	8
Kapittel 4. Reinhold på offentleg stad	8
§ 4-1. Reingjering av lys- og luftegraver.....	8
§ 4-2. Rydding av snø etter takras	8
§ 4-3. Avløp for vatn.....	8
§ 4-4. Eigars plikt til reinhold m.m. av fortau (må gå ut frå lokal sedvane).....	8
Kapittel 5. Hindre forsøpling og tilgrising.....	9
§ 5-1. Hindre forsøpling og tilgrising	9
§ 5-2. Rydding ved kiosksal, arrangement o.l.....	9
Kapittel 6. Offentlege anlegg.....	9
§ 6-1. Kyrkjegard og gravplass.....	9
Kapittel 7. Arrangement på offentleg stad	10
§ 7-1. Søknadsplikt for arrangement på offentleg stad	10
§ 7-2. Meldeplikt for allment tilgjengelege arrangement utanfor offentleg stad	10
§ 7-3. Barns tilgang til offentleg dans mv.....	10
Kapittel 8. Pantelånarverksemد	10
§ 8-1. Pantelånarverksemد	10
Kapittel 9. Ymse føresegner	11
§ 9-1. Forsøming av plikt	11
§ 9-2. Straff	11
§ 9-3. Kommunal handheving.....	11
§ 9-4. Iverksetjing	11

Innleiing

Heimel for kommunal politivedtekt følgjer av lov om politiet av 4. august 1995 nr. 53 § 14. Sidan vedtakkinga av den gjeldande normalpolitivedtekten frå 1996, har det skjedd ei rekke lovendringar som har ført til endringar i kva som kan reguleras i politivedtekt. Det har derfor vore behov for å utarbeide ei ny normalpolitivedtekts med utgangspunkt i tidlegare utgåve.

Fullmaktsregelen i politiloven § 14 byggjer på prinsippet om at politivedtekter ikkje bør regulere tilhøve:

- som er uttømmande regulert i eller i medhald av anna lov
- som andre myndigheter har overteke det faglege ansvaret for
- som etter si art bør vere politiet uvedkomande
- som ikkje er føremålstenleg eller som er overflødige etter dagens samfunnsforhold og alminnelege toleransegrensar

Som i tidlegare normalpolitivedtekter har ein likevel ikkje vore heilt konsekvent i høve til anna lovgiving. Forbod i andre lover mot ulike former for forsøpling og tilgrising, bl.a. i forurensningsloven og veglova, er spreidde og primært knytt til konkrete føremål. Her har ein funne at politivedtekten bør kunne innehalde praktisk viktige reglar med sikte på å oppretthalde eit godt lokalmiljø. Politivedtekten bør f.eks. kunne forby flaskeknusing og plakatlistring utan at det er naudsynt å gå inn på forholdet til anna lovgjeving. Ein peiker også på at sjølv om f.eks. forurensningsloven regulerer tilhøve som går inn under ny § 5-1 nr. 1, inneheld den ikkje nokon tilsvarende straffetrussel. Det er viktig at eventuelle forbod vert utforma så presist som mogleg, slik at det ikkje oppstår særleg tvil med omsyn til praktiseringa av forboden.

Politoloven § 14. nr. 6 gir heimel for å gjennom kommunal politivedtekts regulere ervervsverksem på offentleg stad som ikkje fell inn under regulering i andre lover. Her kan kommunen eksempelvis gi føresegner om fotografer som tilbyr sine tenester til forbipasserande og anna næringsverksem som ikkje fell inn under anna regelverk.

Endringar

Forutan språkleg gjennomgang og oppgradert lovtildeling i kvart kapitel, byggjer den nye normalpolitivedtekten på eit nytt paragrafssystem med kapittelvis nummerering. Dette er gjort for å oppretthalde systematikken i tilfelle der kommunar ønskjer å leggje til eller fjerne føresegner under det enkelte kapittel.

Kapittel VII om dyr og kapittel IX om barn er oppheva og føresegna er omredigert eller oppheva.

Kapittel 1. Allmenne føresegner

Kapittelet er vidareført utan vesentlege endringar.

Kapittel 2. Orden på offentleg stad

§ 2-1 inneheld eit nytt andre ledd om nattero og nytt tredje ledd om ro og orden i tilknyting til serveringsstader. Desse føresegna har i dei seinare år blitt stadfesta i fleire kommunale vedtekter og en standardtekst er derfor tatt inn i normalpolitivedtekten.

§ 2-2 er ein ny føresegn som gjeld kjøring, camping mv. i parkar, på grøntareal og friområde o.l. Føresegna opnar for at kommunar i politivedtekt kan ta inn føresegner som regulerer bruk og parkering av motorkjøretøy og camping, telting mv. i offentlege parkar, grøntareal, friområde o.l. Da dette synast å vere forhold som vil vere aktuelle for fleire kommunar, har direktoratet valt å ta inn ei standardisert formulering.

§ 2-4 er ei ny føresegn som gir høve til å forby eller setje vilkår for tigging. Heimelen for slik regulering blei tatt inn i politiloven § 14 første ledd nr. 8 ved lovendring av 20. juni 2014 nr. 48.

Kapittel 3. Sikring av ferdsle

Kapittelets føresegner er ompllassert av regeltekniske omsyn. §§ 3-3 og 3-4 er føresegner der politiet kan forby ein bestemt aktivitet, §§ 3-5, 3-6 og 3-7 krev tillating frå eller melding til politiet, medan §§ 3-8 og 3-9 inneheld plikter som kviler på den enkelte eigar eller den ansvarlege.

§ 3-2 om dyr er flytta frå tidligare kapittel VII til kapittel 3, da føresegna må sjåast i lys av sikringsomsyn.

Kapittel 4. Reinhalde på offentleg stad

Det er gjort ein regelteknisk endring i kapittelet for å skilje mellom dei ordinære plikter som eigaren er pålagt og dei plikter som berre kan påleggjas eigaren dersom kommunen kan dokumentere at det finnast lokal etablert sedvane i nærmare gitt område. Føresegner som krev slik dokumentasjon går nå fram av § 4-4. Elles inneheld ikkje kapittelet nokon realitetssendring.

Kapittel 5. Hindre forsøpling og tilgrising

Kapittelet er vidareført utan vesentlege endringar.

Kapittel 6. Offentlege anlegg

Kapittelet er vidareført utan vesentlege endringar.

Kapittel 7. Arrangement på offentleg stad

§ 7-3 om barns tilgang til offentleg dans er flytta til kapittel 7 frå tidlegare kapittel IX om barn. Elles følgjer ingen realitetsendring av innhaldet.

Kapittel 8. Pantelånarverksemd

Nytt kapittel om pantelånarverksemd er heimla i politiloven § 14 nr. 7. Tilhøvet er ikkje lengre regulert i anna lovgjeving og det synest hensiktsmessig å innta ei standardisert formulering som tidlegare er stadfesta.

Kapittel 9. Ymse føresegner

§ 9-3 er ei ny føresegn som gir kommunen høve til å handheve paragrafens angitte føresegner i politivedtekt. Kommunens høve til slik handheving er nå heimla i politiloven § 14 tredje ledd ved lovendring av 17. desember 2010 nr. 87.

Føresegner som ikkje er videreført

Tidlegare § 5 andre ledd om forbod mot å bere ladd skytevåpen på offentleg stad, da tilhøvet i dag vert regulert av straffeloven (2005) § 189.

Tidlegare § 21 tredje ledd, §§ 23 – 25 om tilhøve knytt til hund og hundehald, da tilhøva nå vert regulert i hundeloven av 4. juli 2003 nr. 74. Alle føresegna som er knytt til hundar og hundehald i gjeldande politivedtekter, blei oppheva 31. desember 2006 med heimel i hundeloven § 32. Samtidig blei politiloven § 14 endra slik at det ikkje lengre er høve til å gi føresegner i politivedtekten om hundar og hundehald, jf. § 14 første ledd nr. 1 siste setning. Hundeloven inneheld ein omfattande regulering av hundehald, og lokale føresegner om hundehald kan eventuelt takast inn i lokal vedtekt i medhald av hundeloven, jf. hundeloven § 6 andre ledd bokstav b og § 6 fjerde ledd.

Sakshandsaming ved utforming av ny eller endra politivedtekten

Utforming av kommunal politivedtekten

Det er ønskeleg at kommunane nyttar normalpolitivedtekten system og ordlyd så langt det er mogleg. Den enkelte kommune vil kunne basere seg på lokale løysingar så langt politiloven § 14 tillèt.

Det er som regel kommunen som initierer behov for endring av kommunens politivedtekten, men også politiet vil kunne ha mengingar om endring i politivedtekter. Politiet skal bli involvert når ein kommune set i gong arbeidet med å endre eller utarbeide ny politivedtekt for kommunen. Politiet skal helst delta i prosessen, og også vere høyringsinstans. Her vil kommunens politikkontakt vere det naturlege bindeleddet.

Det er opp til den enkelte kommune å sjølv bestemme kva for eit kommunalt organ som skal få kompetanse til å vedta politivedtekter, sjå Ot.prp.nr.22 (1994-1995) side 25 andre spalte.

Ein politivedtekt er ei forskrift, slik at reglane for sakshandsaminga i forvaltningsloven vil kome i bruk. Når kommunestyret har vedtatt forslaget til ny politivedtekt, skal forslaget sendes ut på høyring. Dette inneber også at forskriften skal gjerast kjent for kommunens innbyggjarar, f.eks. gjennom media. Forslag til vedtekt bør også gjerast tilgjengelig for kommunens innbyggjarar ved at den leggjas ut på kommunens nettside, kommunehuset, bibliotek e.l. der innbyggjarane har lett tilgang. Fristen for å kome med ei utsegn må setjast slik at dei rørte får rimeleg tid til å uttale seg. Høyringsutsegna skal i utgangspunktet vere skriftleg, jf. forvaltningsloven § 37 femte ledd.

Når høyringsfristen er ute behandlast innspela av kommunen. Deretter vedtek kommune- eller bystyret politivedtekten endelege ordlyd.

Oversending til Politidirektoratet

Kommunen eller bystyret sitt endelege vedtak om ny eller endra politivedtekt sendast deretter direkte til Politidirektoratet for legalitetskontroll, stadfestning og kunngjering i Norsk Lovtidend. Det merkes at det ikkje lengre er kravd at politivedtekten må sendast til Fylkesmannen.

Politivedtekter omhandlar reguleringar som dannar delar av grunnlaget for utøvinga av polititenesta. Den er derfor ikkje gyldig før det er foretatt en legalitetskontroll av innhaldet i vedtekten. Politiloven § 14 første ledd gir Justisdepartementet fullmakt til å delegere stadfesting av politivedtekter til anna statleg organ. Slik stadfestingsmyndighet blei delegert til Politidirektoratet ved Justis- og beredskapsdepartementets forskrift av 16. november 2000 nr. 1151, med ikrafttredding 1. januar 2001.

Ved oversending til Politidirektoratet skal følgjande dokument sendes:

1. Vedteka som skal stadfestes
2. Utgreiing av kommunens sakshandsaming av vedteka
3. Oversyn over høyringsinstansar
4. Korleis vedteka har vore gjort tilgjengeleg for innbyggjarane
5. Resultatet av høyringa og om det er gjort endringar som følge av høyringa
6. Politiets medverknad i arbeidet

Ved Politidirektoratets legalitetskontroll av politivedtekt er det først og fremst snakk om redaksjonelle eller språklege endringar. Innhaldet i politivedtekt kan ikkje endrast utan at spørsmålet først er behandla på nytt i

kommunen. Det vil da vere naudsynt å sende saka tilbake til kommunen for ny behandling. Legalitetskontrollen kan likevel innebere at enkelte føresegner ikkje vert stadfesta, f.eks. på grunn av at tilhøvet er regulert i anna lovgjeving eller at det ikkje finnast heimel for å regulere forholdet.

Ei ny politivedtektil vil tre i kraft ein månad etter at den er stadfesta av Politidirektoratet.

Klage

Klage over politiets vedtak som er fatta med heimel i politivedtektil skal oversendast til Politidirektoratet. Dette gjeld likevel ikkje påbod frå politiet om å halde ved lag den alminnelege ro og orden, jf. forvaltningslovforskriften av 15. desember 2006 nr. 1456 § 30, eller avgjerder om påtalespørsmål.

Klage over kommunens vedtak jf. normalpolitivedtekten § 9-3 om kommunal handheving, skal oversendast til kommunen som har fatta vedtaket.

Eksisterande politivedtekter er fortsatt gjeldande inntil dei er erstatta av nye vedtekter såframt dei ikkje strider mot føresegna i politiloven, jf. politiloven § 31 andre ledd.

Kapittel 1. Allmenne føresegner

§ 1-1. Offentleg stad

Med offentlig stad er det meint gate, veg, fortau, sti, medrekna gang- og sykkelsti, park, torg e.l., plass, bru, bryggje, kai, strand, anlegg eller anna stad der det er allmenn ferdsel eller som er bestemt for allmenn ferdsle.

Merknad

Omgrepet offentleg stad har det same innhald som tidlegare, jf. strl. (2005) § 10 fylste ledd, dvs. stad der folk flest ferdast. Som før har ein funne det praktisk å gjere ei opprekning av typiske stader som er offentlege. I nokre kommunar kan det vere tenleg å ta med område som ikkje er nemnde her, medan t.d. kai eller bryggje ikkje er aktuelt i andre kommunar.

§ 1-2. Ansvar og plikter for festar, brukar, leigar eller styrar av hus eller grunn

Dei plikter som er lagt på eigar av hus eller grunn, kviler også på den som festar, brukar, leigar eller styrer eigendomen.

Merknad

Ein minner om at ein leigetakar som til dømes leigar ein del av eit større hus, ikkje er forpliktad etter denne føresegna.

Føresegna tilsvara § 2 i tidlegare normalpolitivedtekter og inneberer ingen realitetsendring.

Kapittel 2. Orden på offentleg stad

§ 2-1. Ro og orden på offentleg stad

På eller like attmed ein offentlig stad må ingen vere med i oppløp, samanstimming, larm eller bråk som forstyrrar den allmenne orden eller ferdsel.

Den som ferdast på eller like attmed offentleg stad pliktar å halde nattero mellom kl. 23.00 og 06.00. Dette inneberer òg eit forbod mot støy og høg musikk.

Ansvarleg for serveringsverksemد på eller i direkte nærleik av offentleg stad skal sjå til at serveringsstadens gjester ved opphold i eller i direkte nærleik av serveringslokalet, overheld pliktene i denne føresegn.

Samlas mange menneske ved inngangen til forsamlingslokale, sportsplass, utsalsstad, haldeplass e.l., skal dei stå i kø og elles rette seg etter dei pålegg som politiet eller arrangøren gjev for å halde ved lag den allmenne orden eller regulere ferdsla.

Merknad

Føresegna er endra ved at det er lagt til nytt andre og tredje ledd. Dette er føresegner som ofte er stadfesta i fleire kommunars vedtekter og er teke inn for å gje ein standardisert formulering og plassering av føresegna.

Føresegna supplerer straffelova (2005) § 181, som rettar seg mot slagsmål, bråk eller anna utilbørleg åtferd.

Ei viss interesse har også forskrift om køyrande og gåande trafikk av 21. mars 1986 nr. 747 § 19 om særlege føresegner for gående.

§ 2-2. Køyring, camping mv. i parkar, grøntareal, friområda o.l.

I offentlege parkar, grøntareal, friområde, på, ved eller under vegar eller plassar i tettbygd strøk er telting, camping eller liknande forbode, med mindre noko anna går fram av skiltinga på staden.

I offentlege parkar, grøntareal og friområde er det forbode å køyre og parkere motorkøyretøy, med mindre noko anna går fram av skiltinga på staden. Det er ein føresetnad om at friområde som ligg til grunn som allment tilgjengeleg for motorkøyretøy, vert skilta med forbodsskilt dersom det ikkje skal vere tilgjengeleg å køyra eller parkere der.

Merknad

Stadig fleire kommunar har ønskt mogelegheit for å ta inn i politivedtekt åtgang til å handheve uønskt aktivitet på offentlege stader i tettbygd strøk. Heimelsgrunnlaget for å ta dette inn i politivedtektta er omsynet til ro og orden, da dette rettar seg både mot uønskte aktivitetar som camping, telting, o.l. i offentlege parkar, friområde osv. som vil avgrense moglegheita for allmenta til å nytte slike område, medrekna hindring av forsøpling og utryggleik. Vidare er det grunngjeve i at motorferdsel i slike område medfører unødvendig støy og belastning på områda. Politidirektoratet har derfor valt ei standardisert formulering som kan nyttast av andre kommunar som ønskjer tilsvarande avgjerd.

Det er kommunen som gjennom skilting eller på anna måte har ansvaret for å regulere forhold rundt bruk og aktivitetar på offentlege stader som parkar, friområde, plassar o.l., og denne føresegna gjer ingen endring i dette. Ein del kommunar har ønskt at slik handheving kan gå inn i den lokale politivedtektta, men da politilova § 14 ikkje gir heimel for at det i politivedtekt kan gis pålegg om å innhente tillating frå anna myndighet enn politiet, har ein i staden teke inn føresegner som pålegg kommunen å skilte bruken av slike område. Regelen er ikkje meint å gjere endringar i kommunens høve til å tildele køyretillating til personell som trenger dette for å kunne utføre sine arbeidsoppgåver eller å ta imot og innvilge søknader frå personer om tillating til bruk eller ferdslle på slike område.

§ 2-3. Song og musikk, reklame m.m.

Den som på eller ut mot offentlig stad vil føre fram song, musikk eller anna form for framsyning, må på førehand gje melding til politiet, uavhengig av om framsyninga skjer ved bruk av høgtalar o.l.

Det same gjeld den som på eller i nærleiken av offentleg stad ynskjer å dele ut eller spreie opprop, lysingar, reklame e.l., eller bruke gåande, køyrande eller flygande reklame.

Merknad

Føresegna tek sikte på å fanga opp tilfelle som ikkje vert dekt av politiloven § 14 nr. 3 og 4, jf. § 11 .

Det kan ikkje setjast krav om å henta inn godkjenning frå kommune i politivedtekter, då det i politiloven § 14 ikkje finst heimel for å hente inn løyve frå andre styresmakter enn politiet.

§ 2-4. Tigging

a) Tigging på offentleg stad eller frå hus til hus er forbode.

eller

b) Tigging på offentleg stad eller frå hus til hus, kan berre skje etter at det først er sendt melding til politiet som kan setja vilkår om tid og stad for tigginga.

eller

c) Tigging på offentleg stad eller frå hus til hus, kan berre skje etter at det først er sendt melding til politiet.

Merknad

Føresegna gjev tre alternativ til kommunar som ønskjer å regulere tigging i politivedtekt. Åtgangen til å forby eller setje vilkår for tigging i politivedtekter, vart teke inn i politiloven § 14 fyste ledd nr. 8 ved lovendring av 20. juni 2014 nr. 48. Vilkåra kan vera avgrensing i tid og stad, eventuelt meldeplikt til politiet.

Regulering av tigging føreset at vilkåra går fram av føresegna i den lokale politivedtekta.

§ 2-5. Farleg eller skremmande verksemd

På, ut over eller like attmed offentlig stad er det forbode:

1. å skyte med gevær eller anna skytevåpen eller med bøge, sprettet o.l.
2. å brenne av krut, fyrverkeri eller eksplosive stoff utan at politiet har gjeve løyve. Det er ikkje eit slikt krav om løyve for godkjent fyrverkeri som skal nyttast i tidsrommet 31. desember kl. 18.00 til 1. januar kl. 02.00.

3. å kaste eller sleppe Stein, snøball eller anna som kan vere til skade eller ulempe for dei som ferdist der.

Merknad

Med samtykke frå politiet kan kravet om å henta inn løvet til politiet fråvikast i lokal politivedtekt når det gjeld oppskyting av godkjent fyrverkeri på nyttårssafta. Føresegna er tatt inn på bakgrunn av vedvarande praksis frå ei rekke kommunar.

Bruk av fyrverkeri i tett busetnad, nær tørr skog eller andre brannfarlege omgivnader er ikkje tillate utan at løye frå brannsjefen også ligg føre, jf. forskrift av 15. desember 2002 nr. 922 om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 2-10. Utanfor slike område vert det lagt til grunn at det er tilstrekkeleg med løvet frå politiet.

Lokal brannmyndighet kan i alle tilfelle leggja ned forbod om bruk av krut, fyrverkeri eller eksplasive stoff.

Tidlegare andre ledd i normalpolitivedtekt av 1996 om å bere våpen på offentleg stad er teken ut, då tilhøvet vert regulert av strl. (2005) § 189 .

Kapittel 3. Sikring av ferdsla

§ 3-1. Hindringar

På eller ut over offentleg stad er det forbode å plassera eller montera noko som kan vera til hinder eller ulempe for ferdsla eller som hindrar fri sikt til trafikkskilt o.l.

Markiser eller anna som hengar utover fortau, skal på det lågaste vera minst 2,5 meter over bakken.

Merknad

Veglova (21. juni 1963 nr. 23) §§ 30, 31 og 33 har føresegner om plassering av byggverk, innretningar, reklameskilt o.l., og reglar om fjerning av busker og vegetasjon langs offentlege vegar. Plan- og bygningslova (27. juni 2008 nr. 71) § 30-3 regulerer åtgangen til skilt- og reklameinnretningar, i det vesentlege basert på omsyn av estetisk karakter. Behandlingstida for å fjerne ulovleg oppsette skilt etter pbl. § 32-7 eller tvangåtgjerdslova kan vere lang. Det er derfor behov for å supplere desse føresegna slik at det vert lagt til rette for ein raskare reaksjon. Dette gjeld særleg der folk vert hindra i å kome fram eller der skiltet representerer ein fare for skade på person eller eigedom.

Grensa for høgda i andre ledd er ikkje absolutt og kan tilpassast lokale tilhøve og har samanheng med at det er tillate å sykla på fortau.

Endring av føresegna er av språkleg karakter og inneberer ingen realitetsendring av tidlegare § 6.

§ 3-2. Dyr

Det er forbode å la husdyr gå laus på eller ved offentleg stad utan forsvarleg tilsyn.

Sirkusdyr eller ville dyr må ikkje førast på offentleg stad utan løye frå politiet.

Merknad

Føresegna som regulerer hund og bandtvang må gjerast i medhald av hundelova og kan såleis ikkje regulerast i lokal politivedtekt. Normalpolitivedtekta tidlegare føresegna om farlege hundar, bandtvang, sal og avliving er på bakgrunn av dette oppheva. Det er ikkje heimel til å stadfesta pålegg om å fjerne dyreekskrement.

Føresegna supplerer beitelova § 6 som set forbod mot å la husdyr gå laus på område dei ikkje har ågang til. Lova kan likevel ikkje tolkast som eit forbod mot å la husdyr opphalda seg på offentleg stad, slik at det er behov for å halda på føresegna i den nye normalpolitivedtekta. Kommunane bør likevel vurdere føresegna nærmare, m.a. kan det vera grunn til å la den gjelde i bestemde strøk. Framleis møter ein husdyr ved eller på offentleg veg e.l. fleire stadar.

Vidare vert det vist til vegloven (21. juni 1963 nr. 23) §§ 44 og 48 om gjerde mot offentleg veg og grind eller ferist på offentleg veg.

§ 3-3. Aktivitetar

Politiet kan forby kvar einaste form for sport, leik eller spel på bestemt offentleg stad når dette er påkravd av omsyn til ferdsla eller den alminnelege orden.

Den som nyttar rulleskøyter, rullebrett og liknande på offentleg stad pliktar å ta tilbørleg omsyn til omgivnadene og den andre ferdsla.

Merknad

Ei slik føresegns kan delvis gå inn under vegtrafikklovas ramme, men praktiske grunnar og omsynet til den alminnelege handhevinga av orden tilseier at politiet bør ha kompetanse til å gje slike føresegner, forankra i reint lokale tilhøve.

Vidare vert det vist til friluftslova (28. juni 1957 nr. 16), særleg § 2 om den frie ferdslerten i utmark og dei avgrensingane som kan påleggjast av grunneigar og kommunen.

At eit forbod gjeld på bestemt offentleg stad betyr at forboden ikkje skal bli gitt generelt, men at det må gjerast ei konkret vurdering av tilhøvet på den enkelte stad. Det er ikkje heimel i politivedtekt for å leggja ned generelle forbod mot nemnde aktivitetar på offentleg stad.

Føresegna er i det vesentlege ei vidareføring av tidlegare normalpolitivedtekt § 7. Andre ledd er teke inn på bakgrunn av lengre tids praksis med å stafeste tilsvarande føresegner.

§ 3-4. Ferdsl på islagt vatn eller sjø

Politiet kan av tryggleiksgrunnar forby eller gje regulerande føresegner for ferdsla på islagt vatn eller sjø.

Merknad

Føresegna er ei vidareføring av tidligare § 14.

§ 3-5. Sperring av offentleg stad

Krev byggjearbeid e.l. at fortau, gate, veg eller et anna offentleg stad vert heilt eller delvis sperra for ei avgrensa tid, lyt ein på førehand søkje løyve frå politiet, som kan setje nærmere vilkår.

Merknad

Føresegna er ei vidareføring av tidligare § 8.

§ 3-6. Byggjeverksemd mv.

Reising, riving eller reparasjon av bygning, graving eller anna arbeid på eller ut mot offentleg stad der det kan bli fare for ferdsla, skal på førehand meldast til politiet. Politiet kan fastsette korleis arbeidsstaden skal sperrast og krevje andre tryggleikstiltak til vern for publikum.

Merknad

Krav om tryggleik er heimla i plan- og bygningslova § 28-2, men ein har her likevel ikkje meldeplikt til politiet.

Veglova (21. juni 1963 nr. 23) § 57 forbyr graving, sprenging, trehogst og andre inngrep på offentleg veg eller innretning som høyrer til offentleg veg.

Føresegna er ei vidareføring av tidligare § 10.

§ 3-7. Sprengningsarbeid

Sprenging på eller like attmed offentleg stad skal på førehand meldast til politiet, som kan påby særlege tryggleikstiltak.

Merknad

Den som skal bruka eksplosjonsfarleg stoff må ha sertifikat eller godkjenning ut frå forskrift av 26. juni 2002 nr. 922 om eksplosjonsfarleg stoff § 10-1, jf. brann- og eksplosjonslova (14. juni 2002 nr. 20).

Føresegna er ei vidareføring av tidligare § 9.

§ 3-8. Vedlikehald av bygning mv.

Ved vedlikehald av bygningar mv. på eller ut mot offentleg stad pliktar den ansvarlege for arbeidet å setje opp avisarar som gjer det tydeleg at det er farleg eller til ulempe å ferdast der.

Merknad

Plan- og bygningslova (27. juni 2008 nr. 71) § 28-2 inneheld naudsynte tryggleikskrav ved bygningsmessige arbeider generelt, medan § 28-5 gjeld sikringstiltak på areal som det ikkje er bygd på. Oppheising og nedfiring av varer og gjenstandar er ikkje nemnt i samband med bygningsarbeid. I den utstrekkinga det vert nytta arbeidstakrar, vil arbeidsmiljølova, særleg kapittel 4, koma til bruk.

Føresegna er ei vidareføring av tidligare § 11.

§ 3-9. Fare for ras frå tak

Når snø eller is trugar med å falle ned frå hustak mot offentleg sted, skal eigaren straks setje opp avisarar som gjer det tydeleg at ferdsla er forbunde med fare eller ulempe, og snarast syte for at taket vert rydda.

Merknad

Det er sett på som naudsynt at huseigar har ei slik plikt, då han er den nærmaste til å forhindra snøras e.l. som kan forårsake skade. Det vert vist til Högsteretts avgjerd frå 1959 (Rt-1959-578), der ein huseigar vart dømd for brot på Oslo kommunes politivedtekts § 25 om oppsetting av avisarar mot snøras.

Føresegna er ei vidareføring av tidligare § 12.

§ 3-10. Fjerning av sperrar

Avsperringar, avisarar og liknande innretningar vert fjerna når det arbeid som er nemnt i §§ 3-6, 3-7 og 3-8 er utført, eller faren eller ulempa som er nemnt i § 3-9 ikkje lengre er til stades.

Merknad

Føresegna er ei vidareføring av tidligare § 13.

Kapittel 4. Reinhald på offentleg stad

§ 4-1. Reingjering av lys- og luftegraver

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad pliktar å sørge for reingjering av lys- og luftegraver som er knytt til eigedomen.

Reinhaldet skal gjerast slik at det vert til minst mogleg ulempa.

Kloakksluk må ved reinhald ikkje tilføras oppsop e.l.

Merknad

Føresegna er ei vidareføring av tidlegare § 15, forutan dei pliktar som krev dokumentert lokal sedvane. Desse er nå samla i § 4-4.

§ 4-2. Rydding av snø etter takras

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad pliktar etter takras å rydde fortauet utanfor eigedomen for snø og is.

Merknad

Føresegna er ei vidareføring av tidlegare § 16, forutan dei pliktar som krev dokumentert lokal sedvane. Desse er nå samla i § 4-4.

§ 4-3. Avløp for vatn

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad skal sørge for at avlaup for vatn i fortau, rennestein, grøft e.l. vert halde open.

§ 4-4. Eigars plikt til reinhald m.m. av fortau (må gå ut frå lokal sedvane)

Eigar av hus eller grunn, jf. § 1-2, mot offentleg stad pliktar å:

1. **sørge for reinhald av fortau og rennestein**
2. **rydde fortauet for snø etter snøfall**
3. **strø fortau**

Føresegna gjeld berre fortau knytt til eigedomen.

Merknad

Føresegna er ny og gjeld berre dei pliktar som kan påleggjast på grunnlag av lokal sedvane. Det er meint å synleggjere at føresegna ikkje kan tekes inn utan at slik sedvane er dokumentert.

Kommunen må dokumentere ovanfor Politidirektoratet at det finst ein lokal sedvane for den plikt som ein ønskjer stadfestar, jf. politiloven § 14 nr. 2. Kommunar som i si gjeldande politivedtekts har fått føresegna om aktuell(e) plikt(ar), kan vidareføre eksisterande ordlyd i ein ny politivedtekts.

Kapittel 5. Hindre forsøpling og tilgrising

§ 5-1. Hindre forsøpling og tilgrising

På, ut over eller like attmed offentleg stad er det forbode

- 1. å kaste avfall, under dette glas, flasker, spikar, papir, tyggjegummi og tobakksprodukt.**
- 2. å grise til med måling, tusj, sprayprodukt e.l. på kvar overflate mot offentleg stad, under dette på eller ved bygning, gate, veg, park, anlegg, innretningar og transportmiddel.**
- 3. å henge opp kunngjeringar, plakatar e.l., utan politiets tillating. Dette gjeld ikkje oppslag på tavler e.l. som er godkjent av kommunen til slikt bruk, eller oppslag på eigedom om forhold som berre vedkjem eigendomen eller næringsverksemd til dei som disponerer eigdomen.**

Det er forbode å rive, skade eller skjemme oppslag som er lovleg sett opp.

Oppslag skal fjernast når dei er forelda.

- 4. å urinere utandørs i tettbygd strøk eller på stader der det kan verke sjenerande på andre.**

Merknad

Veglova (21. juni 1963 nr. 23) § 57 nr. 3 set forbod mot t.d. å kaste søppel på og ved offentleg veg. Vidare inneheld forureininglova (13. mars 1981 nr. 6) § 28 eit totalforbod mot å tömme, leggje frå seg, oppbevare eller transportere avfall på slik måte at det kan verke skjemmande eller vere til skade eller umelepe for miljøet. Likevel finn ein av grunnar som går fram av innleiinga at pkt. 1 bør oppretthaldast, sjølv om innhaldet i føresegna nesten fullt ut vert dekt av dei nemnte lover.

Bakgrunnen for pkt. 2 er omfattande tilgrising i form av «tagging», skjemmande plakatlistring o.l., som folk på visse stader dagleg vert utsett for.

Føresegner om fjerning av hundeekskrement må regulerast i medhald av hundelova og kan såleis ikkje bli teke inn i lokal politivedtekt.

§ 5-2. Rydding ved kiosksal, arrangement o.l.

Den som driv med sal frå kiosk, uteservering, gatesal eller anna liknande næringsverksemd på eller ut mot offentleg stad, skal sørge for at området ikkje vert skjempt eller skitna til av verksemda, og pliktar å sørge for at det vert satt opp tilstrekkeleg tal korger for avfall. Rett etter stengjetid plikter verksemda å rydde området og fjerne avfall som skyldast aktivitetar frå verksemda.

Den som arrangerer tilstelling på offentleg stad, skal sørge for at papir og anna avfall vert fjerna etter arrangementet.

Merknad

Fullmaktsregelen i politilova § 14 byggjer m.a. på at politivedtektena ikkje bør regulere m.a. tilhøve som er uttømmande regulert i eller i medhald av annan lovgjeving, eller der andre styresmakter har det faglege ansvaret, men ein har ikkje alltid vore like konsekvent.

Det finst i dag føresegner i fleire lover som set forbod mot ulike typar av forsøpling og tilgrising, m.a. i forureiningslova og veglova. Desse spreidde føresegnene er primært knytt til visse føremål, og ein har kome til at politivedtektena bør kunne innehalde ein særskilt heimel for å kunne gje praktisk viktige reglar med sikte på å sikre eit godt lokalmiljø, utan at det er naudsynt å gå inn på tilhøvet til anna lovgjeving.

Innhaldet er ei vidareføring av tidlegare § 20. Føresegna har ny tittel og det er tilført ei setning i fyste ledd om rydding etter verksemdas stengjetid. Føresegna gjeld òg omreisande verksemd.

Kapittel 6. Offentlege anlegg

§ 6-1. Kyrkjegard og gravplass

På kyrkjegard og gravplass er det forbode å sykle, ake, drive sport, leik eller anna som ikkje søker seg der.

Det er forbode å trengje seg inn på kyrkjegard når den er stengd for besök.

Merknad

Tredje ledd om laus hund på kyrkjegard er tatt ut, da forhold i samband med hund og hundehald ikkje lengre har heimel i politilova § 14.

Åfjerd på gravplass er også regulert i forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16. Straffelova (2005) § 268 vil under visse omstende kunne brukast mot personar som treng seg inn på kyrkjegard eller gravplass.

Kapittel 7. Arrangement på offentleg stad

§ 7-1. Søknadsplikt for arrangement på offentleg stad

Den som på offentleg stad vil lage til arrangement som hovudsakleg er av underhaldande, kunstnarisk, selskapeleg eller kommersielt slag, som har ein storleik som vil føre til behov for omfattande reguleringar av ferdsla eller vakthald, må søkje om dette innan ein frist som politiet set. Politilova § 11 gjeld tilsvarende.

§ 7-2. Meldeplikt for allment tilgjengelege arrangement utanfor offentleg stad

Den som vil halde eit arrangement som er allment tilgjengeleg, må i god tid forut for arrangementet sende melding til politiet sjølv om arrangementet ikkje skjer på offentleg stad, når arrangementets art eller storleik gjer det sannsynleg at politioppsyn vert naudsynt av omsyn til ro og orden eller avvikling av trafikken.

Meldeplikta gjeld øg samkome eller tilstelling som hovudsakleg er av selskapeleg eller underhaldande art for medlemmer av ei foreining eller liknande samanslutning. Politilova § 11 gjeld tilsvarende.

Merknad

Føresegna gjeld arrangement og samkome, og er å sjå som eit tillegg til politilova § 11 (arrangement på offentleg stad mv.). Meldeplikta kan ved kommunal politivedtekt utvidast til også å gjelde arrangement med allment tilgjenge på privat område eller tilsvarende, når vilkåra i lova elles er til stades.

Meldinga skal til vanleg vere skriftleg og leverast i god tid på førehand og innehalde opplysningar om føremålet med arrangementet, omfanget, den ansvarlege arrangør, tidspunkt, avviklingsstaden og dei ordenstiltak arrangøren vil setje i verk, t.d. oppretting av ordensvern, jf. politilova § 11, andre ledd.

Når det gjeld større arrangement, slik som sportsstemner, større konserter, festivalar, messer, karneval o.l., kan kommunen fastsetje at søknadsplikten skal oppretthaldast, med føresetnad om at vilkåra etter politilovens § 14 nr. 4 ligg føre.

§ 7-3. Barns tilgang til offentleg dans mv.

Barn under 15 år har ikkje åtgang til offentleg dans eller liknande allment tilgjengeleg tilstelling utan at dei er i følgje med foreldre eller andre føresette.

Politiet kan gje dispensasjon ved tilstellingar som arrangeras spesielt for barn og unge under 18 år.

Merknad

Føresegna er flytta frå tidlegare kapittel IX om barn.

Føresegna er tolka slik at det ikkje er åtgang til å fastsetje ei høgare aldersgrense enn 15 år, slik at ein får ein felles øvre aldersgrense for heile landet.

Det kan avgjerast at det unntaksvis kan setjas ei lågare aldersgrense for særskilde arrangement.

Kapittel 8. Pantelånarverksemrd

§ 8-1. Pantelånarverksemrd

Den som har fått løyve til å drive pantelånarverksemrd skal føre protokoll, autorisert av politiet, over alle lån og kjøp. Politiet kan setja nærmere vilkår for verksemda.

Merknad

Politiets kontroll med pantelånarverksemrd går fram av politilova § 14 fylste ledd nr. 7. Føresegna var ikkje tatt inn i normalpolitivedtektene av 1996, da det blei anteke at pantelånarverksemrd gjekk inn under lov om finansieringsverksemnd av 10. juni 1988 (oppheva i lov av 22. desember 1999 nr. 105). I likskap med brukthandlarar søkjas pantelånarar utnytta til omsetjing av tjuvegods. For å motverke dette, setjast det krav om at pantelånarar førar protokoll over det godset dei tek inn og at politiet kan utføre rutinemessig kontroll med protokollane og gjenstandane. Av politilovas forarbeidar Ot.prp.nr.22 (1994-1995) går det fram at politilova § 14

nr. 7 tek sikte på å bevare lovheimla tilgjenge til å gi forskrifter for kontroll med pantelånarar av liknande innhold som forskrift etter handelslova (nå brukthandellova).

Kapittel 9. Ymse føresegner

§ 9-1. Forsøming av plikt

Forsømer nokon å utføre det vedkomande har plikt til etter vedtekten eller etter pålegg gjeve med heimel i vedtekten, kan politiet på vegne av vedkomande setje dette i verk på vedkomandes kostnad.

§ 9-2. Straff

Brot på føresegner gjevne i vedtektta eller pålegg gitt i medhald av vedtektta, straffast etter politilova § 30 nr. 4, om ikkje tilhøvet kjem inn under eit strengare straffepåbod.

§ 9-3. Kommunal handheving

Kommunen kan handheve følgjande føresegner tatt inn i normalpolitivedtekta

- § 3-1 Hindringar (kommunal handheving etter denne paragraf er avgrensa til utplassering av åtvaringer om rasfare og utplassering av lausfotrekklame/andre salsfremmende gjenstandar på fortau)
- § 3-9 Fare for takras
- § 3-10 Fjerning av sperrar
- § 4-1 Reingjering av lys- og luftegraver
- § 4-2 Rydding av snø etter takras
- § 4-3 Avløp for vatn
- § 4-4 Eigars plikt til reinhald m.m. av fortau (må gå ut frå lokal sedvane)
- § 5-1 Hindre forsøpling og tilgrising
- § 5-2 Rydding ved kiosksal, arrangement o.l.

Kan handhevas av () kommune med heimel i forskrift av 19. juni 2012 nr. 600 om kommunal handheving av politivedtekter, jf. politilova § 14 tredje ledd. () kommune kan ved brot på desse føresegna også legga gebyr for brotet.

Merknad

Ved lovendring av 19. juni 2010 fekk politilova § 14 eit nytt tredje ledd, som gjer kommunen tilgang til å ta inn ei føresegn om at kommune kan handheve nærmere om at kommunen kan handheve nærmere bestemte føresegner i politivedtekta – communal handheving. Nærare føresegn går fram av forskrift av 19. juni 2012 nr. 600 om communal handheving av vedtekter. Klage over gebyr frå kommunen for brot på føresegn nemnt i denne paragraf, vert sendt til kommunen, jf. forskrift om communal handheving av politivedtekter § 8.

Kommunens tilgang til å handheve brot på angitt føresegn i politivedtekta, kjem i tillegg til politiets handhevingsmyndigheit. Det understrekas at den som brytar desse føresegna, ikkje må risikere dobbeltstraff. Dette inneber at dersom politiet har gitt vedkomande eit forelegg, kan ikkje kommunen gje same person gebyr for same brot, og omvend.

§ 9-4. Iverksetjing

Denne vedtekt trer i kraft 1 månad etter at den er stadfesta av Politidirektoratet. Frå same tid opphevast forskrift av (dd-mm-åå) nr. () politivedtekta for () kommune, (fylke)